


List of Signatures

Page 1/1

 **Protokoll_Styremøte 26. september 2023 - off..pdf**

| Name | Method | Signed at |
|-----------------------------|---------------|-------------------------|
| Hønsi, Torunn Gauteplass | BANKID_MOBILE | 2023-11-14 14:58 GMT+01 |
| Hovland, Jøril | BANKID | 2023-11-10 09:33 GMT+01 |
| Skrede, Åge | BANKID_MOBILE | 2023-11-10 06:52 GMT+01 |
| Nævdal, Terje Bakke | BANKID_MOBILE | 2023-11-09 13:54 GMT+01 |
| Alvik, Dagny Karin Ugulsvik | BANKID_MOBILE | 2023-11-09 13:53 GMT+01 |
| Ovrid, Marianne | BANKID | 2023-11-22 10:29 GMT+01 |
| Lervik, Birgit Olaus | BANKID | 2023-11-16 10:37 GMT+01 |
| Øvstetun, Ernst Ståle | BANKID | 2023-11-15 06:07 GMT+01 |



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: EEA2BE7A51F14062B7E535FC73C36586

Styremøte 26. september 2023 - off.

tir. 26 september 2023, 08:00 - 16:00

Deltakere

Styremedlemmer

Birgit Lervik, Dagny Alvik, Ernst Ståle Øvstetun, Jøril Hovland, Marianne Ovrid, Terje Bakke Nævdal, Åge Skrede, Torunn Hønsi

Møteprotokoll

48/23

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent

Godkjenning

Dagny Alvik

49/23

Godkjenning av referat frå styremøtet den 23.08.23

Referatet frå styremøtet den 23.08.23 vart godkjent og blir signert elektronisk

Godkjenning

Dagny Alvik

50/23

Driftsorientering

Styret fekk i forkant ei skriftleg driftsorientering, og det vart orientert munnleg om viktige saker i møtet. Styret fekk også orientering frå eigarmøtet i Sogndal den 8. sep.

Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

Orientering

Dagny Alvik

51/23

Regnskap pr aug 2023

Rekneskapsrapporten pr. 31.08.2023 viser eit underskot på kr 1.808.468,-. Dette er ca kr 241.000,- over budsjettet og ca kr 4.043.000,- under fjoråret.

Styret tek regnskapsrapport pr aug 2023 til vitande

Orientering

Aud Beheim

52/23

Orientering om Sirkla Ressurs AS

Sirkla opplever framleis god aktivitet utover i 2023, både på containertransport og på renovasjon. Rekneskap pr juli viser ei omsetning på kr 10.971.847,-. Det er kr 340.903,- over budsjett, og kr 1.960.064,- over same periode i fjor.

Styret tek informasjonen om Sirkla Ressurs AS til vitande

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
EEA2BE7A51F14062B7E535FC73C36586

53/23

Årdal kommune inn i SIMAS IKS

Diskusjon

Dagny Alvik

Administrasjonen orienterte om pågående saker i arbeidet med å få Årdal kommune inn i SIMAS frå jan 2024.

Etter signal frå eigarmøtet den 8.9.23 om at vi må sjå på miljøstasjonsstrukturen i regionen, er det ikkje sett opp oppstart av bygging av miljøstasjon i Årdal i 2024. Bygging av ny miljøstasjon i tråd med inngått avtale med Årdal kommune, vert utsett til 25/26, og vil bli sett på i samband med ein masterplan for miljøstasjonsstruktur i heile SIMASregionen.

Overtaking av avtalen med Årdal kommune og Sunde Resirk vart drøfta.

1. *Styret tek orienteringa om arbeidet med å få Årdal kommune inn som fullverdig medlem i SIMAS IKS til vitande.*
2. *Avtalen som er mellom Sunde Resirk og Årdal kommune er gjeldande til medio 2025. Styret gjev administrasjonen løyve til å arbeide vidare med å få på plass ein avtale der SIMAS er tilstade på opningsdagane.*

54/23

Budsjett og handlingsplan 2024, økonomi- og investeringsplan 2024-2027

Beslutning

Dagny Alvik

Styret skal legge fram forslag til driftsbudsjett 2024, investeringsplan og økonomiplan 2024-2027 på representantskapsmøtet 27.10.23.

Arbeidsoppgåvene og ansvaret til SIMAS ligg fast. Verksemda er eit verktøy for eigarkommunane for å løyse pliktene desse har etter ureiningslova. Overgang til sirkulær økonomi er styrande for avfallsbransjen. Dette er nærare omtala i strategiplan Avfall 2025. Handlingsplan er utarbeida med utgangspunkt i strategiplan. Dette er styrande dokument, som må takast omsyn til ved budsjettering.

Budsjett, investerings- og økonomiplan er satt opp med utgangspunkt i budsjettet for 2023 og rekneskapstal for 2022, resultat pr juli 2023 og planar for dei neste åra. Det er og teke omsyn til at SIMAS i 2024 overtek renovasjon av Årdal kommune. I tillegg er dei økonomiske konsekvensane av investeringsplan for 2024-2027 lagt inn i økonomiplanen.

Styrande for den årlege endringa av gebyra er sjølvkostrekneskapen, der ein følgjer generasjonsprinsippet for sjølvkostfonda. Standardgebyret for renovasjon har vore uendra i perioden 2019-2023 til tross for auka kostnader. SIMAS har bevist dei siste åra bygd ned fondet, og prognosen for fondet på husholdning pr 31.12.23 er på 1,96 mill.

Framlegg til økonomi- og investeringsplan vart drøfta.

Etter innspel i styremøtet vart saka utsett til ekstraordinært styremøte den 5.10.23

55/23

Nyrstarsaka, uoff. jf. offentleglova § 15 2. ledd og § 18

Beslutning

Dagny Alvik

56/23

Låneopptak i Kommunalbanken

Beslutning

Dagny Alvik

SIMAS IKS har gjort vedtak om å føreta investeringar i henhold til investeringsplan for 2023. Samla budsjetterte investeringar i 2023 er kr 22.750.000,-.

Styret vedtek å ta opp nytt lån i Kommunalbanken, stort kr 22.750.000, til finansiering av investeringar i



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
EEA2BE7A51F14062B7E535FC73C36586

henhold til investeringsplan.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
EEA2BE7A51F14062B7E535FC73C36586